NYNORSK PÅ KINO!
SIDE 10

KRYSSORD!
SIDE 19

KRINGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN NUMMER 3/2020

– Det hjelper ikkje med god journalistikk dersom språket er dårleg, meiner EIVIND MOLDE.

SIDE 6

12

KRINGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGS-RINGEN

BLADSTYRAR
Kjartan Helleve

TRYKK
Merkur Grafisk AS

OPPLAG
900

KONTAKT
post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen
Pb. 9161 Grønland
0134 Oslo

23 00 29 50

www.kringkastingsringen.no

MEDLEMSKAP
Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemer gjev større gjennomslag. Du kan melda deg inn på heimesida eller ved å betala inn på kontonummer 3480 17 48343. Hugs namn og adresse. Medlemskap kostar 300 kroner. Medlemer under 30 år betaler 150 kroner.

BLI MED!

INNHALD

3 Leiar
4 Nytt
6 Intervju: Eivind Molde
10 Vil ha nynorske kinotekstar
12 Høyringsnotatet
14 Hausten på NRK
17 Reprise: God bok
19 Kryssord!

KRING-
KAST NGS-
R NGEN

LEIAREN

INGER JOHANNE RUSET
inger.johanne@ungdomslag.no

Foto: Tommy Christensen

Framtid eller fortid?

DET ER LETT Å SEIE at det var enklare før. Ein kan drøyme seg attende til den tida då det berre var éin radiokanal og éin tv-kanal her i landet. Då var arbeidsfeltet vårt oversiktleg, og det var lett å vite kven ein skulle sende brev til. Sidan har medieverda blitt mykje meir mangfaldig enn det vi såg føre oss berre for få år sidan. Det dukkar stadig opp nye tv-kanalar, FM er erstatta av DAB, og brått skal vi alle høyre på podkastar. For ein liten organisasjon som vår, kan det vere vanskeleg å vite kor ein skal leggje innsatsen.

ER DET TIL DØMES rett av oss å bruke så mykje tid på NRK og TV 2, når ungdommen får informasjon og underhaldning gjennom heilt andre kanalar? Eg skulle gjerne ha sett at strøymetenester som Netflix og HBO tekstar fleire program og seriar på nynorsk og samisk. Folk går framleis på kino i stort monn, så eg skulle også gjerne ha sett at fleire av filmane vert teksta på fleire skriftspråk enn bokmål. Etter digitaliseringa krev det heller ikkje store ressursane å få det til.

EG TRUR NØKKELEN kan liggje i heile tida å understreke at språk er viktig. Litt for ofte kjem det litt for langt ned på prioriteringslista, og det råkar nynorsken særleg hardt.

Å kome med oppmodingar er bra, men statlege krav er betydeleg meir effektivt. NRK har ikkje kome på dette med nynorsk av seg sjølv. Difor kan ein heller ikkje vente at til dømes Netflix skal gjere det.

NO KAN DET VERKE som om styresmaktene ikkje heilt veit kva dei skal gjere med desse store internasjonale selskapa på mange felt. Vi anar likefullt eit ønske om å ta tak, og då skal vi i det minste gjere vårt for å minne mediehusa og styresmaktene om kor viktig språk og språkidentitet er. Det dreier seg om sjølvkjensla vår i fortida, notida og framtida.

NYTT

I Bauer Media truar med å trekkje seg ut av Noreg

Bauer Media, som mellom anna eig Radio Norge, Vinyl og Radio1, fekk ikkje stønad i koronakrisepakken. No truar dei med å trekkje seg heilt ut av Noreg.

– Eg fekk sjokk då styresmaktene la fram krisepakken etter korona og ser at dei har lagt inn ei setning som ekskluderer oss frå å få stønad. Det er svært alvorleg for oss, seier administrerande direktør **Jim Receveur** til Medier24.

Kontantstønadsordninga sette som krav at selskap ikkje hadde gått i minus i 2019 – dermed var ikkje Bauer kvalifisert for henne. Bauer Media er eit tysk konsern, som eig åtte radiokanalar i Noreg, og dei mest kjende er Radio Norge og Radio1. Selskapet opererer i 13 land verda over, og eig meir enn 600 magasin og tidsskrift, og dessutan over 100 radio- og TV-stasjonar. (NPK)

Bilete: Stig Øystein Schmidt (t.v.) og Espen Moe Breivik. (Foto: Andreas R. Pettersen)

Fuglum til Sogn Avis

Programleiar **Arve Uglum** i NRK-programmet «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu» blir ny ansvarleg redaktør og dagleg leiar i Sogn Avis. Uglum (45) må fullføra arbeidet sitt hos rikskringkastaren før han startar i jobben i den nyoppkjøpte Amedia-avisa 1. november. – Slike sjansar kjem ikkje ofte, seier han i ei pressemelding. NRK-programleiaren som er busett i Sogndal, har tidlegare jobba i Sogn Dagblad og Årdal og Lærdal Avis. Sidan Med seg i ein redaktørduo får han Eli Grotle, som har vore konstituert som redaktør sidan Jan Inge Fardal byrja i Nynorsk pressekontor ved årsskiftet. (NPK)

Pris til VGTV

Alf Helleviks mediemålpris på 25.000 kroner gjekk i år til journalistane **Stig Øystein Schmidt** og **Espen Moe Breivik** i VGTV.

Prisen skal gå til yngre faste nynorskbrukarar i radio og fjernsyn som legg vekt på å dyrke eit normalisert nynorsk talemål. Men også den dialektfarga nynorsken, som kjenneteiknar prisvinnarane sitt språk i år, er det plass til innanfor statuttane.

– Schmidt og Breivik er svært synlege i VGTV, sjølv om dei er ein språkleg minoritet i det store mediehuset. Dei har vore nyskapande i formspråket i ei av dei mest vellukka, digitale TV-satsingane i Noreg. Dei fortel sine korte, fengande TV-historier

-journalistar

med ein modig og moderne nynorsk, som appellerer til eit ungt publikum. Dette skjer i eit mediehus som berre unntaksvis slepper til nynorsk i spaltene sine på papir og nett, seier juryen mellom anna.

Stig Øystein Schmidt er frå Marifjøra i Luster i Sogn og har arbeidd i VGTV sidan 2017. Espen Moe Breivik er frå Volda på Sunnmøre, byrja i VG som skrivande journalist våren 2018 og fann vegen til VGTV i januar 2019.

I juryen sit tidlegare journalist og redaktør i NRK, Sigvart Østrem, dagleg leiar i Norsk fjordhestsenter, Magni Hjertenes Flyum, og redaksjonsleiar i NRK Sporten, Geirmund Henjum. (NPK)

Gutar har spelkonsoll. Jenter har smartklokke.

Flest gutar har spelkonsoll og VR-briller. Smartklokke og nettbrett er noko vanlegare blant jenter, viser Medietilsynets foreldreundersøking 2020.

Foreldre med barn mellom 1 og 17 år har svara på undersøkinga. Ho viser mellom anna at seks av ti gutar mellom fem og åtte år har ein spelkonsoll som kan koplast til fjernsyn, mot fire av ti jenter på same alder.

20 prosent av jentene i alderen 5 til 8 år har ei klokke dei kan ringje med, medan 15 prosent av gutane har det same. Delen barn som har smartklokke, er høgast når barna er små (5 til 8 år), ifølgje foreldra. (NPK)

Lågaste sal av mobiltelefonar sidan 2003

Nordmenn har ikkje kjøpt færre mobiltelefonar sidan 2003. I alt vart det selt 1,7 millionar mobiltelefonar i Noreg i 2019, noko som svarer til ein nedgang på 6 prosent samanlikna med 2018. Omsetnaden fall likevel med berre 3 prosent frå 2018 til 2019, til 9,7 milliardar kroner. Det tyder at nordmenn kjøper færre, men dyrare mobiltelefonar. I 2018 var den gjennomsnittlege levetida for mobiltelefonar 31,4 månader – i 2019 auka denne til 32,6 månader.

Salet av fjernsyn følgjer noko av den same trenden som mobiltelefonane. Det vart selt 365.000 fjernsyn i fjor, noko som er 8.000 færre enn året før. Likevel blir fjernsyna vi kjøper, stadig større. Salet av fjernsyn på 55 tommar fall med 7 prosent i fjor, medan omsetnaden av 65-tommarar auka med 8 prosent. (NPK)

Verdsklasse

EIVIND MOLDE
Vinnar av Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar

– NRK skal levere innhald i verdsklasse. Då må også språket vere i verdsklasse. Det hjelper ikkje med god journalistikk dersom språket er dårleg, seier Eivind Molde.

Før sommaren vart journalisten lokka inn på eit møterom og ante fred og inga fare. Då han gjekk, hadde han fått Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar. Du veit at det er ein verdig pris når juryen skriv at «prisvinnaren er ikkje av dei som stikk seg fram i utrengsmål.» Og han er ikkje mellom dei mest kjende andleta i NRK, trass i at han har arbeidd i kanalen i tretti år. Det er heilt medvite.

– Det er klart at eg hadde vore meir synleg om eg t.d. var programleiar eller korrespondent. Men det å vere synleg er eg ikkje oppteken av i det heile. Det fine med NRK er at ein får høve til å gjere mange ulike ting, og det har eg fått rikeleg høve til, seier Molde.

I staden har han brukt tida til å utvikle, og blitt kjend for, eit klårt og tydeleg journalistisk språk som kan formidle sjølv kompliserte saker på ein lettfatteleg måte.

– Det viktigaste for meg er at det eg skriv og seier, er tydeleg og forståeleg for alle, same kvar dei bur i landet. Forenkle mest mogleg og formulere enkle setningar utan vanskeleg ord. Dialektbruk kan fungere godt dersom det ikkje er til hinder for at mottakarane får med seg innhaldet. Vi må sjå bort frå det personlege her. Eg er ikkje viktig. Det at eg skal få snakke med dialekta mi, bruke mine «eigne» dialektord, er ikkje i seg sjølv viktig. Ein små sjå det frå lesarane, lyttarane og sjåarane si side, meiner prisvinnaren.

Grunnsteinen vart lagt heilt i starten av karrieren. Han arbeidde i åtte år i «Bulletengen», nyhenda som kjem på radio kvar heile eller halve time. Å ha seks tusen direktesendingar gjer noko med det språklege medvitet.

– Det er ein god plass å starte. Ein blir medviten om kva detaljane har å seie. Eg vart van med å bruke nynorsknormalen. Det har fungert godt og vore naturleg for meg, også når eg seinare har fått meir plass å boltre meg på, t.d. i reportasjar i Urix eller i Laurdagsrevyen. Kortfatta og enkelt språk er viktig, same kva «format» ein arbeider med. I nyheitsredaksjonen er det eit miljø for å diskutere språk og gje tilbakemeldingar heile vegen. Det er nyttig. NRK skal levere innhald i verdsklasse. Då må også språket vere i verdsklasse. Det hjelper ikkje med god journalistikk dersom språket er dårleg, seier Molde.

NØKKELEN SJEFAR SOM BRYR SEG

– Det er veldig viktig at leiarane stille strenge språklege krav til dei som blir tilsette her. Jamt over er kvaliteten god på det me publiserer, men rett som det er, snik det seg inn feil, ikkje minst i det som blir publisert på nettet. Eg har akkurat blitt språkkontakt for nynorsk på NRK.no, og ser jo at det er ting å ta

(Foto: Kjartan Helleve)

Prisvinnar Molde saman med juryleiar Solveig Barstad og jurymedlem Inger Johanne Sæterbakk. (Foto: NRK.)

tak i. Det å nå målet om 25 prosent nynorsk er sjølvsagt viktig, men nynorsken må også vere god. NRK har etablert ei fadderordning for medarbeidarar som vil bruke nynorsk, men ikkje har så lang erfaring med dette. Det er bra. Det er sjølvsagt også viktig at dei som kan skrive nynorsk, gjer det. Eg trur at me saman kan gjere kvarandre betre, men då må dette arbeidet prioriterast gjennom heile organisasjonen. Og det opplever eg at det blir i dag, seier han.

DEI FYRSTE NETTSIDENE

Molde byrja som sommarvikar i NRK Dagsnytt i 1989 og vart fast tilsett året etter. Etter åtte år vart han nyhenderedaktør i den nyetablerte Sentralredaksjonen. NRK såg at det ikkje var nokon veg utanom å lage nettsider, eller ein nettportal som det heitte i dei dagar. Det var få journalistar i NRK som hadde særleg erfaring med å skrive nyhende- og sportssaker, det var jo radio og TV det handla om den gongen.

– Noko av det som vart sett på som styrken vår frå starten, var levande bilete. Det hadde ikkje konkurrentane i særleg grad. Tekst var sjølvsagt også viktig. Dei einaste hos oss som hadde særleg erfaring med dette, var dei som arbeidde i Tekst-tv. Så me bygde opp redaksjonen med den redaksjonen som utgangspunkt. Så vart nye rekrutterte etter kvart. Det mest krevjande var å få det tekniske til å fungere, seier Molde.

Nettsidene til NRK feirar tjue år akkurat i haust. Det finst eit herleg innslag frå Dagsrevyen der kanalen eigentleg skal bragle med nyvinninga, men i staden må dei ansvarlege svare på kvifor dei nye nettsidene ikkje fungerer.

– Det var ei krevjande tid, både for oss som skreiv for redaksjonen og for dei som hadde ansvaret for det tekniske. Men me kom i gang, og sidan har det berre gått oppover. Eg tykte det var morosamt at nettstaden nøyaktig tjue år etter oppstarten var kåra til årets nasjonale nyhendenettstad av Mediebedriftenes Landsforening. Då har det blitt gjort noko rett, seier Molde.

Han er ikkje i tvil om at satsinga kom i grevens tid.

– Det var eigentleg aldri nokon diskusjon om kor vidt det var rett, sjølvsagt skulle me presentere nyhende også på internett. Det var ei kjensle av at me var for seint ute, at me stod i fare for å kome bakpå. Oppdraget er å formidle nyhende i flest mogleg kanalar og nå breiast mogleg ut, og då blir dette heilt naturleg

– Men er det rett av NRK å tevle med dei kommersielle aktørane på dette feltet?

– Då me byrja, var ikkje dette noko problem. No ser me at også andre mediehus

TRE FAVORITTAR

Tv-program: Dagsrevyen, Urix, Minutt for minutt-sendingane

Radio-program: Dagsnytt 18

Nettstad: NRK.no

Kaffimat: Svele

har levande bilete som ein del av sitt tilbod, og at konkurransen er blitt mykje hardare. Eg skjønar kvifor diskusjonen har kome, men eg trur det er plass til alle aktørane.

KLIMASAKA

Molde har vore borti det aller meste i tida som journalist, men har dei siste 12–13 åra hatt særleg ansvar for miljø- og klimasaker. Det starta for alvor med ein reportasjetur til Svalbard i samband med Polaråret 2007–2008.

– Det er viktig og interessant stoff i seg sjølv, men det er også visuelt interessant. Me lagar så mange reportasjar om folk som går inn og ut av dører, og her fekk ein høve til å filme noko heilt anna. Det har ført meg til m.a. regnskogen, til Fiji, til Antarktis og Svalbard fleire gonger. Eg har også vore på alle klimatoppmøta sidan København i 2009.

– *Det må ha vore litt frustrerande?*

– Det har slått meg kor lite framgang det er på desse møta. Det verkar å gå utruleg sakte. Men det skjer litt. Det kom eit gjennombrot i Paris i 2015, og eg kunne intervjue ei nøgd Tine Sundtoft på direkten på tampen av Dagsrevyen. Det har også slått meg at det er stadig fleire unge folk på desse møta, som representerer ulike interesseorganisasjonar. Det er ikkje berre politikarar og byråkratar. Dette skapar eit heilt anna engasjement og fokus enn tidlegare, seier Molde.

UT PÅ TUR

Det finst også ei kopling til privatlivet. Som for alle andre innflyttarar tok det litt tid før han oppdaga Nordmarka. I ti år visste han godt om at det fanst fine turområde i nærleiken, men han tok seg aldri tid til å utforske dei. Men då han fyrst starta, såg han seg aldri attende.

– Det byrja med at eg la ut på skitur frå Frognerseteren i 2000, så gjorde eg det same på sykkel om sommaren. Samstundes etablerte eg eit prinsipp om at eg i løpet av turen skulle innom ein sti, trase eller område der eg ikkje har vore tidlegare. Det har ført meg lenger og lenger ut. Så no reknar eg meg som rimeleg godt kjent i området mellom Moss, Follo, Gjøvik og Hurumlandet, fortel Molde.

Han melde seg til teneste i Skiforeningen, og tok på seg å skrive framlegg til turar på nettsidene deira. I lag med eit par medsamansvorne har han gitt ut ei handfull bøker med slike turskildringar.

– Korte kveldsturar rundt Sognsvann er ikkje noko for meg. For meg handlar det om å oppdage noko nytt. Sjølvsagt handlar det om å kome seg vekk frå byen og finne ein ro, men eg blir alltid fasinert av å sjå nye stader, seier Molde.

KJARTAN HELLEVE

– Fleire kinofilmar bør tekstast på nynorsk og samisk, meiner Inger Johanne Ruset.

DET ER INGEN GRUNN til at alle kinofilmar skal synast med undertekstar på bokmål. Den teknologiske utviklinga har gjort det svært enkelt å gje kinoane valet om å syna kinofilmar med nynorsk og samiske undertekstar. Det er ein sjanse norske styresmakter bør gjera seg nytte av.

LENGE VAR DET LANGT MELLOM kinofilmar med nynorske undertekstar. Det fanst nokre få filmkopiar av *Ronja Røverdotter* i 1985, men så gjekk det 23 år til *Tropa de elite* (2008) vart sendt ut til norske kinoar med berre nynorske undertekstar. Stort sett vart nynorsk sett på som noko som kunne forstyrra kinoopplevinga for dei som er vane med å lesa bokmål, trass i at NRK har teksta filmar på nynorsk lenge, og at publikummet difor er vane med det.

FRÅ PERIODEN 2009 TIL 2011 vart norske kinoar digitaliserte. Kinoane slutta å syna filmar i fysisk format på filmrullar og synte i staden digitale filer. Dette gjorde distribusjonen enklare og meir effektiv. Dei første åra sende ein rundt små harddiskar, og kinoane kopierte filene til sine eigne system. I dag overfører ein filene via ein server. Som ein konsekvens av dette, er det no mogleg å senda ut kinofilmar i ulike versjonar. Ein kan til dømes distribuera ein film med originalspråket og norske tekstar eller same film dubba til norsk. Ein kan også velja mellom ulike lydsystem, alt etter kva som høver i den enkelte kinoen. Det er opp til kvar kino å velja versjon og tekniske løysingar, og så lasta han over til sine system.

EITT AV VALA SOM NO ER MOGLEG, er undertekstar på ulike språk, men det er ikkje mange produsentar og distributørar som har gjort seg nytte av dette. Frå 2011 har det berre kome kome ei handfull filmar med undertekstar på både bokmål og nynorsk: F*å meg på, for faen* (2011), Hevn (2015), *Skammerens dotter* (2015), *Rickard Storken* (2017) og *Skammerens dotter 2* (2019).

SJØLV OM DET TILSYNELATANDE går rett veg, har me nokre einskildentusiastar å takka for det. Distributøren for mange av desse filmane er eitt selskap, Euforia. Dei fleste andre distributørane ser framleis på dette som eit hinder og i alle fall ikkje noko dei har tenkt å bruka pengar på. Samisk tekst er det endå lenger mellom, men det er svært bra at både *Chihiro og heksene* (2003) og *Frost 2* (2019) har kome på kino med samiske røyster.

MED SÅ FÅE TITLAR har nynorske undertekstar vore ei nyhende i seg sjølv. Målrørsla har arbeidd for å løfta fram desse filmane og har fått positiv respons frå

Frå *Skammerens dotter 2.* (Foto: Nordisk Film Distribusjon AS)

kinoane, men norske kinosjefar er vane med at alt som gjeld filmane er på bokmål, og at nynorsk er eit val som sjeldan kjem. Dette gjeld også alt av informasjonsmateriell og filmomtalar. Nokre kinoar tek seg bryet med å omsetta desse tekstane til nynorsk, andre ikkje.

FRÅ 2012 HAR DET VORE eit krav om at alle norske filmar skal tekstast, og sidan 2017 har det vore eit krav at alle filmar skal synstolkast. Det vil seia at det blir laga ei lydfil som forklarar det som hender på skjermen utanom prat. I tillegg finst det ei smørbrødliste med materiell som alle norske filmar må levera inn til Nasjonalbiblioteket. Filmprodusentane er såleis vane med krav, og eit krav om undertekstar på nynorsk og samisk vil difor ikkje verka heilt urimeleg.

DEN VIKTIGASTE GRUNNEN til at dei fleste utanlandske filmane berre blir teksta på bokmål, er økonomi. For ikkje å gjera dette til eit hinder, bør det koma ei tilskotsordning som kan finansiera omsetjing til nynorsk og samisk. Det bør også vera rom for at mindre språk som t.d. kvensk og romani kan falla inn under denne ordninga. Når det er sagt, har krava om både teksting og synstolking kome utan at produsentane har fått særskilt tilskot til det. Eit tilskot vil likevel gjera det tydeleg at dette er noko som i utgangspunktet ikkje handlar om filmproduksjon, men om språkpolitikk. Hørselshemmedes Landsforbund fekk nyleg midlar til å teksta dubba barnefilmar, noko som i utgangspunktet er uvanleg. Den ordninga har ei ramme på 250 000 kroner. Ei tilsvarande ramme for nynorske og samiske undertekstar ville ha vore eit stort steg framover.

DET ER EIN SKILNAD på det å leggja til rette kinofilmar for høyrselshemma og svaksynte og det å teksta filmar på nynorsk og samisk. Men dei har til felles at dette er språkarbeid som kjem i tillegg til den eigentlege oppgåva for produsentar og distributørar. Spørsmålet er om ikkje dette burde ha blitt gjort tydelegare. Kunne alle desse tiltaka blitt samla i ein pott? Og burde norske filmprodusentar fått eit flatt og automatisk tilskot som var øyremerkt denne typen tiltak? Slik det er no, arbeider dei ulike interesseorganisasjonane kvar for seg, og filmprodusentane greier knapt å henga med på alle krava dei har på seg. Samordna og tydelege tiltak hadde nok alle involverte sett pris på.

INGER JOHANNE RUSET

Før sommaren var me på høyring i samband med Prop. 108 L (2019–2020): Lov om språk (språklova). Høyringa var i familie- og kulturkomiteen tysdag 16.06.2020. Dette er høyringsnotatet vårt.

Kringkastingsringen er glad for at den nye språklova slår fast at styresmaktene har eit ansvar for å fremja norsk språk. Dette har også vore eit av dei viktigaste argumenta for gjeldande norsk mediepolitikk. For nynorsk har nasjonale støtteordningar og lovfesting vore heilt sentrale for å kunna veksa fram til den posisjonen språket har i dag.
Men sjølv om lova har mykje godt i seg, syner meldingsdelen at det er eit stykke frå gode intensjonar til konkrete tiltak. Høyringsnotatet vårt konsentrerer seg difor om meldingsdelen og særleg kapittel *5: Språkdimensjonen i kulturpolitikken og mediepolitikken.*

(5.2.2) Truleg er det gjennom NRK flest nordmenn møter nynorsk og samisk, og grunnen er at det finst tydelege og konkrete krav i NRK-plakaten. Det var ein stor siger at NRK nådde 25 % nynorsk i sendingane sine i fjor, sjølv om dei enno har eit stykke att på NRK.no. Men dette ville NRK neppe ha klart om det ikkje var for ein desentralisert produksjon i nynorske kjerneområde.

Framlegg til merknad:
NRK skal ha levande og sterke distriktskontor som kan levera program i alle sjangrar.

(5.2.3) Men punktet om TV 2 syner kva som skjer om det ikkje finst konkrete språkkrav. I den gjeldande allmennkringkastaravtalen mellom staten og TV2 heiter det at «begge de offisielle målformene skal benyttes.» (Paragraf 4-3, pkt 5). Utan noko talfesta prosenttal, er det lett å nå dette målet. Avtalen gjev TV2 135 millionar kroner i året. Når staten går inn med såpass mykje pengar, bør det syna att, også språkpolitisk.

Framlegg til merknad:
Framtidige allmennkringkastaravtalar skal innehalda eit krav om bruk av skriftleg nynorsk og eit krav om mengd.

(Foto: Disney)



(5.2.4) Kringkastingsringen skulle gjerne ha sett at fleire norske filmar og dataspel hadde nynorsk som det berande språket. Men eit minimum er at dei tek i bruk dei teknologiske løysingane som gjer det lett å ha med nynorsk og helst samisk tekst på desse produksjonane. Der det tidlegare kosta ein liten formue å senda ein kinofilm ut med nynorske undertekstar, har digitalisering og sentral distribusjon gjort dette mykje rimelegare og enklare. Det gjeld også informasjonsmateriellet som fylgjer med filmane.

Framlegg til merknad:
Dei audiovisuelle produksjonane som får tilskot, skal ha nynorske og samiske undertekstar, menyval og informasjonsmateriell.

Dagbladet.no

(5.2.5) Store delar av norsk presse lever godt på gode statlege støtteordningar som t.d. produksjonstilskot og momsrefusjon. Kringkastingsringen meiner det burde ha vore knytt større språklege krav til desse støtteordningane. Dagbladet nyt t.d. godt av desse støtteordningane, men har samstundes eit forbod om nynorsk på redaksjonell plass.

Framlegg til merknad:
Dei nyhende- og aktualitetsmedia som får offentleg tilskot anten som produksjonstilskot eller som momsrefusjon, kan ikkje ha eit forbod om bruk av nynorsk.

NETFLIX

(5.4) Kringkastingsringen meiner det er rett å stilla krav til strøymetenestene, men at framlegget departementet har tenkt å senda ut på høyring, er for veikt. For mykje av ansvaret for å oppfylla dei filmpolitiske målsetningane blir gitt til private aktørar. Ei flat avgift vil etter vår meining vera betre. Midlane kunne ha blitt dirigert til Filmfondet, som har ansvaret for å oppfylla regjeringa sine filmpolitiske målsetningar, også språkpolitisk.

Framlegg til merknad:
Departementet bør vurdera å innføra ei flat avgift på audiovisuelle medietenester tilsvarande kinofilmar og DVD-sal. Inntektene skal øyremerkast nye norske audiovisuelle produksjonar. Det bør koma eit krav om at det skal bli råd å velja nynorsk og samisk undertekst på desse strøymetenestene.

Sterk dramahaust på NRK

– Det blir ein sterk norsk dramahaust, seier kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen.

– Det står bra til i NRK-leiren om dagen. Det er klart at vi fekk ei stor utfordring med å lage eigenprodusert innhald denne våren, men no er vi klare for hausten, seier Thor Gjermund Eriksen. Han understrekar at NRK aldri har stått overfor så sterk internasjonal konkurranse og legg til at han ser at det er viktigare enn nokosinne å satse på norsk kvalitetsinnhald.

– Koronasituasjonen har berre gjort endå fleire merksame på strøymetenestene, og Netflix fekk ein stad mellom 15–20 millionar nye abonnentar under nedstenginga. Dei har òg varsla at dei har noko slikt som 90 nye titlar på menyen til hausten, og samtidig kjem det nye strøymetenester – som Disney+.

Foto: Heiko Junge / NTB / NPK

– Strøymevanane og strøymekunnskapen til folk har berre auka på i koronatida, og det gjer at vi må gå hausten skjerpa i møte. Klarar vi ikkje levere kvalitet i verdsklasse, så gjer vi ikkje jobben vår, held Eriksen fram, og skyt inn:

– Men vi har ein fordel på heimebane ved at vi kan skildre det nære og heimlege på ein heilt unik måte. Som tilfellet var med «22. juli»-serien, kan vi vere med på å skrive vidare på vår felles historie.

GLER SEG TIL MÄRTHA-SERIEN

Sjølv gler kringkastingssjefen seg stort til den store NRK-dramasatsinga «Atlantic Crossing». Den var opphavleg sett opp med premiere i 2021, men no er det klart at serien blir å sjå allereie til hausten.

– Eg er stor fan av historiske dramaseriar, og denne har eg verkeleg tru på, seier han om serien der vi følgjer kronprinsesse Märtha (Sofia Helin) til USA under 2. verdskrigen. Medan ektemannen, kronprins Olav (Tobias Santelmann) kjempar for dei allierte frå Storbritannia, flyktar kronprinsesse Märtha til USA med dei tre barna deira. Her får ho eit nært forhold til president Franklin D. Roosevelt (Kyle MacLachlan) og kona hans Eleanor (Harriet Harris), heiter det om handlinga.

Han meiner vidare at unge sjåarar har mykje å glede seg til, mellom anna humordramaet «Norsk-ish», som handlar om å stå mellom to kulturar.

FAMILIEHUMOR OG FAMILIEKONKURRANSE

Og medan vi er inne på humor: Vi må vente litt på ny sesong av «Side om side», men inn kjem «Familien Lykke»: Ein situasjonskomedie med mellom anna Kristine Riis i rolla som Randi, mamma og ankeret i familien.

Det rykande ferske TV-konseptet

I «Atlantic Crossing» følgjer vi kronprinsesse Märtha (Sofia Helin) til USA der ho blir nærmare kjent med blant andre president Franklin D. Roosevelt (Kyle MacLachlan). Serien er klar for sjåarane til hausten. (Foto: Cinenord / NRK)

«Familiens ære» går inn i gullrekkja fredagar i haust og blir leidd av Kjetil André Aamodt. Her skal seks idrettsfamiliar utfordre kvarandre.

Eit anna høgdepunkt Eriksen melder om, er at NRKs eigen «BlimE-dans» skal ut i verda.

– Dette fenomenet har såpass mange andre kringkastarar rundt om i Europa lagt merke til at det no blir BlimE-feber i heile Europa til hausten, melder han om vennskapskampanjen som fyller ti år i år.

Av andre høgdepunkt nemner han fleire dokumentarar:

– Vi får komme tett på Karsten Warholm i ein nyprodusert dokumentarserie, og så skal vi ut på tur med Lars Monsen igjen. Og sist, men ikkje minst: Thomas Seltzer dreg til USA for å ta pulsen på land og folk før presidentvalet i USA i november 2020.

IMØTEKOME NYHEITSBEHOVET

Kringkastingssjefen gler seg òg til ein ny krimserie, kalla «Livstid» – tidlegare karakterisert som ein serie som fornyar sjangeren med å kombinere humor og krim.

Han ber oss vidare merke oss den store dokumentarsatsinga «Helvete», frå NRK-journalistane Håvard Bråthen og Thomas Allkär. Dei har dykka djupt ned i norsk black metal-historie, ei historie som er dramatisk og kanskje lite kjent her heime med tanke på kor stor norsk black metal er ute, meiner Eriksen.

Nyheitssatsinga til NRK har vore massiv i koronatida. Om ho vil bli like stor til hausten, veit ikkje Eriksen.

– Behovet for journalistikk og informasjon var enormt i starten, også hos unge sjåarar. «Supernytt» gjorde eit stort sjåarhopp – og «NKR Svarer»-programmet fekk titusenvis av spørsmål.

– Det er vanskeleg å seie korleis trykket blir til hausten, men vi følgjer situasjonen og utviklinga og lagar dei sendingane som trengst for å imøtekome behovet.

NPK/VERONICA KARLSEN

Høyr høyr!

No vart det veldig mykje om denne høyringa i dette nummeret, men det er ikkje kvar veke at me er på storskjerm framføre ein stortingskomité. Under den interne evalueringa i etterkant kom det inn fleire gode råd. Mellom anna var det fleire som meinte at dei to utsendingane våre burde ha site på nokolunde like høge stolar og ved sida av kvarandre. I staden såg det ut som leiaren vart intervjua, medan han andre tilfeldigvis var innom. Jaja. Neste gong!

RED.



REPRISE

GOD BOK

DET FØRSTE MØTET mitt med det å vere forelska fekk eg frå Barne-TV, meir spesifikt frå Den forelska frosken. Frosken lurer på kvifor han kjenner seg så rar, og Haren seier med tyngd og bok i fanget at Frosk nok er forelska. Eg har i seinare år stilt meg dette spørsmålet når eg har kjent meg urimeleg positiv. Av og til når eg berre er urimeleg. Eller rastlaus. Kan det vere eg er forelska? Stiller ein seg dette spørsmålet ofte nok, vil ein til slutt få nokre positive svar, og akkurat som frosken har eg også stilt meg sjølv spørsmålet «Ja. Men i kven?» Eg var så sikker på at eg hadde sett dette på TV i barndomen, at eg melde meg til å skrive denne spalta i rein eufori. Endeleg skulle Den forelska frosken få sin rette plass!

Eg søkte og søkte på internett. I 2007 hadde nokre amerikanarar laga ein animasjonsserie om den same frosken, men då var eg allereie i høgare utdanning. Det kunne ikkje vere dette eg hadde sett. Utover barneboka av Max Velthuijs fann eg ingenting. Frosken var ikkje på Barne-TV på nittitalet. Eg hadde funne på alt. Kva anna i barndomen min var ei løgn? Eg jakta vidare, og fekk same resultatet med Den vesle vampyren. Mange andre gode TV-minne viste seg igjen og igjen berre å vere bøker. Og bøker er som kjent ikkje på TV.

Men dette var nittitalet, ei anna tid og ei anna verd. Sjølvsagt var det bøker på TV! Frå 1983 til 1995 las dei for oss på Barne-TV. Programmet «God bok» hadde ein vignett alle kjende, og det var anten Han Mannen, som eg i vaksen alder har lært at var Øyvind Blunck, eller dama frå Portveien 2 (Minken Fossheim) som las. Vignetten til God bok er alt eg finn igjen på internett. Musikken kombinert med eit bilete av eit hus, der Han Mannen og Minken Fossheim budde, er det siste sporet internettet har, bortsett frå ein liten Wikipedia-artikkel. Det er inga liste over bøker som har vore lesne opp, og episodane ligg ikkje tilgjengeleg på NRK sine nettsider. Eg har derfor ikkje faktasjekka meg sjølv, og det er framleis mogleg at eg har funne på at Den forelska frosken var på TV på nittitalet. Eigentleg er det ikkje så farleg. Lesegleda er den same uansett, og det skulle ikkje forundre meg om litt av denne gleda eigentleg kjem frå TV. Og eg er sikker på at i eit anna univers sit framleis Øyvind Blunck og Minken Fossheim i huset sitt og les barnebøker høgt for kvarandre.

SIGRID SOFIA KLEIVA-GRAMSTAD

GULL I ARKIVET:
Til informasjon til yngre lesarar, så er det altså den gamle logoen til K-ringen som her blir skoten ut av ein kanon. Kvifor, kan ein spørje seg. Truleg handlar det om å få fart på sakene og å koma med meiningar som har krut i seg. Noko av det same med slit med i dag.

Løysing kryssord 2-20

Det var mange som fann fram til løysinga i førre nummer: **NESTEN SÅ EIN VIL FLYTTE TIL VINJE BERRE PÅ GRUNN AV DIALEKTA**. Fleire innsendarar meiner dette med "nesten" kunne kryssordsmed Søreide spart seg. Men han er uskuldig. Den skuldige sit ein annan stad i redaksjonen, og kan ikkje anna enn leggje seg flat og setje i gang ei intern undersøking, som både skal bli transparent, grundig og open.
Dei som i mellomtida kan gle seg seg over ei lita merksemd frå K-ringen, er:

Ragnhild Saur, Steinkjer
Oddleiv Hjellum, Førde
Bjørn Arild Aksnes, Verdal

Me gratuelerer!



KRYSS -ORD

EINAR SØREIDE

Send anten heile kryssordet til
Kringkastingsringen, Pb. 9161 Grønland, 0134 Oslo
eller løysingssetninga til post@kringkastingsringen.no
og bli med i trekninga av flotte vinstar. Lukke til!
Frist: 1.11. 2020.

NRK P1-PROGR.
AS. STAT
TONE
I BERGEN
FROST
BIL-MERKE
KVINNE
LODD
RÅSE
MEN
VÅPEN
TIDL. K-PRIS-VINNAR
KUNN-SKAPAR
MINKE
FUGLEN
NAB. (BAKV.)
LEDDET
NAB.
BYLGJE-BRYTAR
TULL
HUSDEL
PREP.
NAB.
GÅR SAKTE
LUR-INGAR
DUNKAR
LIKE
TEPPE
SPRÅK
PARTI
LIKE
KOMM.
HALEN
DYR
FISKE
AS. BY
MJUK
MARIT EIKEMO-ROMAN
DRAMA
FUGL
I NEVEN
TESTAR
X
SNORA
NAB.
TOKT
OPP-GÅVE
MANN
JENTE-FUT
FUGLEN
PRON.
NAB.
BLOKK
FØR
ARGON
RENN
MANN
SMÅ-TING
BERG-ART.
HENTA
TRALT
SPURDE
SLEKT-NING
PIGG
EKTE
BARNE-KØYRE-TYA
IRIDIUM
VILL
KVINNE
NAB.
BIB. BY
KJERNE-VED
LYSNA
AS. BY
TJUVERI
MANN
KOLLE
NEDBØR
VASSE
SERIØS
FAT
AMBOLT
FISK
HALV-SVEVN
LEMSTER
FARE
FISK
INDIUM
SKIKK
MORENE
I BERGEN
PRON.
HEVDA
SJØDYR
KRINSEN
ARVE-ANLEGG-ET
NYNO. KOMM.

Namn, adresse og postnummer:

RETUR:
Kringkastingsringen
Pb. 9161 Grønland
0134 Oslo

NOREG P. P.
posten

KRING-
KAST-
INGS-
RINGEN

25,2 %